

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
068/16	Formannskapet	PS	08.06.2016
044/16	Heradsstyret	PS	22.06.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Laura Ve	15/1602

## 1.gongs handsaming - Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2016-2020

### Vedlegg:

PLANSTRATEGI 2016-2020 OSTERØY KOMMUNE\_framlegg\_01.06.16

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Med heimel i plan og bygningslova § 10-1 vedtek Heradsstyret å legga framlegg til Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2016-2020, dagsett 01.06.2016 ut på høyring og offentleg ettersyn.**

### Formannskapet - 068/16

#### FS - behandling:

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka går til heradsstyret utan innstilling frå formannskapet."

#### AVRØYSTING

Framlegget vart samråystes vedteke.

#### FS - vedtak:

"Saka går til heradsstyret utan innstilling frå formannskapet."

### Heradsstyret - 044/16

#### HS - behandling:

Jon F. Blichfeldt, MDG, gjorde slikt framlegg om tillegg: "Nytt kulepunkt på side 14 i Planstrategien:

- Behov for en strategi for å sikre vern av jordbruksareal og vern av matjord. Det er en utfordring i hele Norge at jordbruket bygges ned i stor skala. Det må innarbeides i arealplanen hvordan vi kan ivareta jordbruket."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med følgjande endringar: Under oppstart av planarbeid vert Rullering av kommuneplanen sin arealdel starta i første

halvdel av 2017, og områderegulering for Haus vert søkt starta i siste halvdel av 2017."

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 20.40 - kl. 2045 med gruppemøte for FRP og AP.

-----  
Alf T. Mortensen, FRP, trekte sitt framlegg.

## **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg                med slikt tillegg som  
foreslått i møtet                          -                samrøystes

### **HS - vedtak:**

**"Med heimel i plan og bygningslova § 10-1 vedtek Heradsstyret å legga framlegg til Kommunal planstrategi for Osterøy kommune 2016-2020, dagsett 01.06.2016 ut på høyring og offentleg ettersyn, og med slikt tilleggspunkt til arealstrategiar: Strategi for å sikra vern av jordbruksareal og vern av matjord. Det er ei utfordring i heile Norge at jordbruket byggast ned i stor skala. Det må innarbeidast i arealplanen korleis vi kan ivareta jordbruket."**

### **Saksopplysningar:**

**Saksopplysningar:**

## **SAMANDRAG**

Det er utarbeidd forslag til kommunal planstrategi for planperioden 2016-2020. Strategisk leiargruppe har fungert som arbeidsgruppe, medan formannskapet er styringsgruppe for arbeidet. Planseksjonen har koordinert arbeidet. Planstrategien legg mellom anna opp til:

### **Ferdigstilling av pågående planarbeid:**

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommunedelplan for sjø- og strandsona
- Kommunedelplan for oppvekst
- Kommunedelplan for kulturminner
- Områderegulering av Valestrand sentrum

### **Oppstart av planarbeid:**

- Områderegulering Lonevåg oppstart 2016
- Rullering av kommuneplanen sin arealdel 2018
- Områderegulering Haus og Åsheim 2019

Arbeidet med Samfunnsplanen kan avdekke behov for nye planar og revisjon av gjeldande planar.

Framlegg communal planstrategi skal gjerast offentleg minst 30 dagar før Heradsstyret kan gjera vedtak, jf. Pbl § 10-1. Framlegg til communal planstrategi skal derfor på høyring og offentleg ettersyn i minimum 30 dagar før den skal til vedtak i oktober.

## Bakgrunn

### I plan- og bygningslova (PBL) under § 10-1 om communal planstrategi heiter det:

*Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en communal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsigtig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med communal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av communal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.*

På bakgrunn av dette er det utarbeida framlegg til ny Kommunal planstrategi for Osterøy kommune for planperioden 2016-2020.

### Planstrategi som styringsverktøy for samfunnsutvikling

Planstrategi er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for å klargjere kva for planoppgåver kommunen bør sette igang eller vidareføre for å legge til rette for positiv utvikling. Planstrategien er ikkje juridisk bindande og kan reviderast oftare enn ein gong i kvar valperiode om ein finn det hensiktsmessig.

Framlegg til communal planstrategi for Osterøy drøftar utviklingstrekk mellom anna knytt til communal tenesteyting og forvaltning, folketalsutvikling, levekår og folkehelse, verdiskaping, næringsliv, sysselsetting, kultur, miljø, klima, utbyggingsføremål, tettstadutvikling, lokalisering av handel og service, transport, infrastruktur, strandsona og sjøområda.

### Behov for planar

I komande periode bør overordna planlegging og oppgåver som samfunnsplanen og overordna ROS (risiko-sårbaranalyse av kommunenesamfunnet) prioriterast saman med planoppgåver knytt til overordna infrastruktur. Dette vil legge eit godt grunnlag for rullering av kommuneplanen sin arealdel. I samband med Samfunnsplanen er det naturleg å sjå på kommunen sine arealstrategiar som også vil legge føringar for rullering av arealdelen til kommuneplanen.

### Prosess

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet. Forarbeidet til planstrategien er utarbeida av strategisk leiargruppe som har vert prosjektgruppe for arbeidet. Dei ulike fagområda er representert i planarbeidet gjennom arbeidsmøte. Prosjektleiing ligg til planavdelinga.

Innhenta informasjon og kunnskap om utfordringar og behov er innarbeida i planstrategien og ligg til grunn for vurderingar og prioriteringar.

Ved politisk handsaming av oppstart av arbeidet med planstrategien var det skildra ein noko meir omfattande

prosess enn ein har klart å følgje opp. Særleg gjeld dette bruken av arbeidsmøter med fageiningane i kommunen som kunne vert meir omfattande, samt drøfting undervegs i prosessen med Formannskapet i høve til utfordringar og kunnskapsgrunnlag. Dette har delvis årsak i prioritering av ressursar til saka om kommunereform. Ettersom (re)vurdering av kommunestruktur og saksomfanget knytt til kunnskapsgrunnlaget i denne saka er svært relevant vurderer ein i ettertid at dette har bidratt positivt til prosessen for kommunal planstrategi. Folkemøter i samband med kommunereformsaka samt gjennomført seminar i samband med Samfunnssplanen den 25.05.2016 var svært informative i høve til kunnskapsdeling om utfordringar og behov for Osterøysamfunnet i åra som kjem.

Innleiingsvis var der ambisjon om å få drøfta plansystemet i kommunen i løpet av prosessen. Desse diskusjonane er påbyrja i strategisk leiargruppe men drøftingane er ikkje fullført eller konkludert.

Ein har heller ikkje i løpet av prosessen fått sett på alle gjeldande planar for å evaluere og vurdere oppheving/utfasing. Desse drøftingane kan ein ta med seg vidare inn i planperioden etter noko meir modningstid og i samband med pågående og oppstart av planarbeid i planperioden.

I arbeidet har ein fokusert mest på kunnskapsinnhenting, drøfting av dette og prioritering av oppgåver for komande planperiode.

### **Samarbeid i regionen**

Det har vert mindre samarbeid i regionen i perioden med utarbeiding av ny planstrategi samanlikna med førre runde. Planseksjonen har vert på eit møte initiert av fylkeskommunen for å snakke om dei parallele prosessane. Sist gang kommunane og fylkeskommunen utarbeida sine planstrategiar var dette eit nytt verkty og ukjend prosess. Denne gangen har kommunane erfaring med oppgåva og dette kan vere litt av bakgrunnen for at der har vert ferre møtepunkt.

### **Vurdering**

I prosessen har ein sett at det er trøng for eit mykje tydlegare planhierarki enn det kommunen har i dag. Behovet for ein overordna plan, Samfunnssplanen, som set mål og strategiar både for Osterøy som samfunn og som kommuneorganisasjon, er stort og bør prioriterast høgt. I arbeidet med Samfunnssplanen vil det vere tydlegare kva for område som treng utfylling og konkretisering i form av kommunedelplanar eller temoplanar. Kommunen har framleis noko lite strukturer i plansystemet, men der har vert ei utvikling etter siste planstrategi. Gode diskusjonar og auka fokus på plansystem, planarbeid og planar i administrasjonen og politisk bidrar til å heve kompetansen rundt planlegging. Planlegginga i kommunen har fått auka fokus på mål, retning og måloppnåing med tilgjengelege ressursar men der er eit stort forbettingspotensiale.

Førebels er der ikkje på plass overordna føringer i høve til kva planar kommunen skal ha og kvar i hierarkiet dei høyrer heime.

Som eit prinsipp bør planlegginga byrja med ein solid overordna plan, kommuneplanen, og andre planar bør ha sin legitimitet i overordna plan.

Det er svært viktig å få på plass ein god og oversiktleg måte å kople planane sine prioriteringar / handlingsdel opp mot årleg arbeid med økonomiplan og budsjett.

Hovudutfordringane dei neste åra er å vere i forkant av folkevisten slik at kommunen kan styre utviklinga i ynskja retning. Sentrale problemstillingar er tilrettelegging for god folkehelse, reduksjon av utslepp av klimagassar, klimatilpassing, varierte og gode bustadmiljø, god infrastruktur og gode høve for næringsutvikling og verdiskaping.

### **Konklusjon**

Ein viser til saksutgreiing og vedlagte dokument. Rådmannen tilrår å legga framlegg til kommunal

planstrategi for Osterøy kommune 2016-2020 ut på høyring og offentleg ettersyn.